

**Finansdepartementet**

Dykkar ref.: 12/388

Vår ref.: 15/315-5 Arkivkode: K1-232, K3-&13

Dato: 17.09.2015

Høyringsfråsegn - eigedomsskattlegging av arbeidsmaskiner mv. i verk og bruk

Det vises til utsendt høyringsbrev av 18.6.2015 om endring av eigedomsskattlegging av arbeidsmaskiner mv. i verk og bruk med høyringsfrist 18.9.2015.

I Granvin herad blir det skrive ut eigedomsskatt etter § 3 a; Alle faste eigedommar. § 12 opnar for ulike skattesats mellom ulike kategoriar. I Granvin er skattesatsen kr. 3 pr kr 1.000 av taksteverdi for bustad og fritidseigedommar, medan den er sett til kr. 7 for verk og bruk.

I kategorien verk og bruk fell ikkje berre produksjonsutstyret til verksemdene inn, men også høgspenlinjene som går igjennom kommunen blir rekna som produksjonsutstyr. Granvin har dei siste åra fått auka inntektene på grunn av nye mastepunkt etter etablering av høgspenlinja mellom Sima og Samnanger.

Til saman utgjør inntektene frå eigedomsskatten knytt til arbeidsmaskiner og produksjonsutstyr MNOK 1,7 av desse er MNOK 1,2 knytt til skattlegging av høgspenmastene. Skatten utgjør ein viktig del av dei frie inntektene til Granvin herad, og bortfallet vil om det blir vedteke, få store negative konsekvensar for tenestetilbodet i kommunen.

I tillegg til dei negative økonomiske konsekvensane, meiner Granvin herad at dette utgjør ein negativ sentral overprøving av det kommunale sjølvstyret. Skatten er ein kommunal skatt og det er kommunen sjølv som bør vurderer korleis ein best kan tilpassa skattetrykket til dei lokale føresetnadane.

**Postadresse:**Postboks 13
5733 Granvin**Internettside:**www.granvin.kommune.no**Telefon:**

56 52 40 00

Org.nr.:

844162502

Telefaks:

56 52 40 01

Bankontonr.:

6501 05 67305


E-post:postmottak@granvin.kommune.no**Postgirokontonr.:**

0803 5786504

Granvin heradsstyre vedtok i sak 045/15:

1. Granvin herad støttar ikkje framlegga til endring av eigedomsskatten.
2. Granvin herad meiner det er viktig at denne skatten framleis er kommunal, og at kommunane sjølv vurderer og tilpassar skattenivået til lokalt tilhøve.
3. Dersom skatteendringa likevel skulle bli vedtatt forventar heradet at staten kompenserer fullt ut bortfallet av inntekter på 1,7 millionar kroner.
4. Granvin herad støttar Landslaget for vasskraftkommunar og KS sine uttaler i saka.

Med helsing



Trude Hoflandsdal Letnes

Rådmann

Direkte innval: 56524011